

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/9047-2

Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2018 - Deloitte AS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Vedlagde uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS vert teken til vitande.

Vedlegg:

- Brev frå Deloitte AS, datert 9. november 2018 – Vurdering av uavhengigheit

Andre relevante dokument i saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)
- Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal, i følgje kommunelova § 77, sjå til at fylkeskommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. I dette mandatet ligg også ein kontroll av revisor sin uavhengigheit overfor den som vert revidert.

I samsvar med forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. (heretter forskrift om revisjon) § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uavhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uavhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Kravet om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon er Stein Ove Songstad, Deloitte AS.

Kontrollutvalet mottok vurdering av uavhengigheit frå Stein Ove Songstad 9. november 2018.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den mottekne vurderinga av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS inneheld ei vurdering basert på krava om uavhengigheit i kommuneloven § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uavhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til revisor i høve til krava til uavhengigheit som er stilt i kommuneloven § 79 og forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta «Vurdering av uavhengigheit» frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Deloitte AS til vitande.